

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten Rosalind Fosse sette fram følgjande forslag på vegner av FRP/H/V:

«Hordaland fylkeskommune støttar framleggget om skolevalg over fylkesgrensene».

Røysting

Fosse sitt forslag fekk 6 røyster (FRP/H/V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (AP/SP/SV/R/KRF/MDG).

INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune går mot framleggget om skoleval over fylkesgrensene, med dei merknadene som kjem fram her. Fylkeskommunen støttar intensjonen om å gje grunnskuleopplæring til elevar med rett til vidaregåande opplæring, men finn at framleggget slik det er no, ikkje vil gje naudsynt endring.